



VOLDA KOMMUNE
KOMMUNAL JORDVERNSTRATEGI

KUNNSKAPSGRUNNLAG

11. AUGUST 2025



Matjord er ein av dei mest verdifulle ressursane vi har. Dyrka og dyrkbar jord legg grunnlaget for matproduksjon og verdiskaping både for oss i dag og for komande generasjonar. Samstundes er desse ressursane under press frå andre samfunnsinteresser som utbygging, infrastruktur og andre arealformål.

Dette kunnskapsgrunnlaget er utarbeidd som ein del av arbeidet med Volda kommune sin kommunale jordvernstrategi. Det gir eit oversyn over status og utvikling knytt til jordvern i kommunen, og inneheld informasjon om arealressursar, omdisponering, nydyrking og planreserve. Dokumentet er ikkje uttømande, men inneheld lenker til relevante kjelder der ein kan finne meir informasjon.

God lesing!



INNHALD

Kva er dyrka og dyrkbar jord?	s. 4	Monge driv fleire bruk	s. 22
Kva er omdisponering?	s. 5	Fritak frå driveplikt	s. 23
Roller og ansvar	s. 6	Kva vert jordbruksareala nytta til?	s. 24
Jordressursar i Noreg	s. 7	Landbruksproduksjon og verdiskaping	s. 25
Nasjonalt jordvernmål	s. 8	Potensial for grønsaksdyrking	s. 26
Mattryggleik	s. 9	Klimaendringar	s. 27
Nasjonal og global mattryggleik	s. 10	Søknader om omdisponering etter jordlova	s. 28
Regionalt jordvernmål	s. 11	Omdisponering dyrka jord	s. 29
Fylkesstrategi for landbruk	s. 12	Omdisponering dyrkbar jord	s. 30
Lokale mål og føringar	s. 13	Omdisponering dyrka og dyrkbar jord	s. 31
Lokalt jordvernmål?	s. 14	Kva nyttast dei omdisponerte areala til?	s. 32
Kor mykje dyrka jord har vi?	s. 15	Utvikling jordbruksareal	s. 33
Kvar er jordressursane?	s. 16	Landbruket si eiga nedbygging	s. 36
Kjerneområde landbruk	s. 17	Behov for meir jordbruksareal	s. 37
Jordbruksareal i drift	s. 18	Dyrkbar jord	s. 38
Jordbruksareal som kan vere ute av drift	s. 19	Kva kan dyrkast opp til fulldyrka jord?	s. 39
Jordbruksbedrifter	s. 20	Søknader om nydyrking	s. 40
Aktive produsentar	s. 21	Planreserve	s. 41
		Her kan du lese meir!	s. 43




KVA ER DYRKA OG DYRKBAR JORD?

Dyrka jord er:

- **Fulldyrka jord:** Jordbruksareal som er dyrka til vanleg pløyedjupn, og kan nyttast til åkervekstar eller til eng, og som kan fornyast ved pløying.
- **Overflatedyrka jord:** Jordbruksareal som for det meste er rydda og jamna i overflata, slik at maskinell hausting er mogleg.
- **Innmarksbeite:** Jordbruksareal som kan nyttast som beite, men som ikkje kan haustast maskinelt. Minst 50 prosent av arealet skal vere dekt av godkjende grasartar eller beitetolande urter.

Dyrkbar jord er:

- Areal som ikkje er fulldyrka, men som kan fulldyrkast til lettbrukt eller mindre lettbrukt fulldyrka jord, og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking. Til dømes kan skog eller anna jorddekt fastmark reknast som dyrkbar jord.



KVA ER OMDISPONERING?

Omdisponering betyr å gi løyve til at dyrka eller dyrkbar jord kan nyttast til noko anna enn jordbruk.


I utgangspunktet er det forbode å omdisponere både dyrka og dyrkbar jord. Det er bestemt i jordlova. Formålet med forbudet er å verne produktive areal og jordsmonnet, slik at vi bevarer matproduserende areal for framtida. Jordlova opnar likevel for at kommunen, i særlege tilfelle, kan gi løyve til å omdisponere jordbruksareal.

Når vi omdisponerer dyrka eller dyrkbar jord, betyr det at område som er sett av til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) i planane, blir endra til eit formål som tillèt bygging eller annan bruk, som til dømes bustader, vegar eller næringsformål. Slike formål blir kalla utbyggingsformål.

I plan- og bygningslova er omdisponering ei formell endring av arealformålet i kommuneplanar eller reguleringsplanar. Etter jordlova kan omdisponering også bety at det vert gitt løyve til å bruke dyrka eller dyrkbar jord til noko anna enn jordbruksdrift, sjølv om planen ikkje vert endra - til dømes ved oppføring av ein hytte i eit LNF-område.

Det nasjonale jordvernmålet fastset kor mykje dyrka jord som maksimalt kan omdisponerast årleg i reguleringsplanar etter plan- og bygningslova.

Kjelde: landbruksdirektoratet.no, Lov om jord, Plan- og bygningsloven



ROLLER OG ANSVAR

Kommunen sitt ansvar

Kommunen er ansvarleg for lokal planlegging etter plan- og bygningslova og handsamer enkeltsaker etter jordlova. Omdisponering kan skje dersom kommunen vedtek planar etter plan- og bygningslova om å bruke arealet til andre føremål enn landbruk, eller dersom det vert gitt løyve etter jordlova til å bruke jordbruksareal til anna enn jordbruksproduksjon.

Fylkeskommunen sitt ansvar

Fylkeskommunen har ansvar for regional planlegging. Dei utarbeider regional planstrategi og leier regionale planprosessar. Fylkeskommunen kan kome med motsegn dersom kommunale eller statlege planar er i strid med regionale planar.

Statsforvaltaren sitt ansvar

Statsforvaltaren skal medverke til at nasjonale jordverninteresser blir teke i vare i kommunale og regionale planprosessar. Dersom desse interessene ikkje blir teke i vare i kommunale planar, kan statsforvaltaren kome med motsegn.

Kommunal- og distriktsdepartementet

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) har ansvaret for plan- og bygningslova og fattar endelege vedtak i saker der det har kome motsegn. Departementet har også ansvaret for å utarbeide statlege planretningslinjer og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

Det er kommunestyret som vedtek planar etter plan- og bygningslova.

I Volda kommune er dispensasjonar etter jordlova delegert til tenesteutval for forvaltning og utvikling (TFU).

JORDRESSURSAR I NOREG



NOREG
2,7 %



DANMARK
65,5 %




TYSKLAND
47,5 %

Noreg har lite jord samanlikna med mange andre land. Berre tre prosent av landarealet er dyrka jord, og berre ein tredel av dette er egna til å dyrke matkorn. Den beste matjorda finn vi ofte nær byar og tettstader, der presset på å bygge er størst. Sidan andre verdskrig har vi i Noreg bygd ned eller brukt om lag 1,2 millionar dekar dyrka og dyrkbar jord til andre formål. Mykje av denne jorda har vore godt egna til å dyrke matkorn.

Kjelde: ssb.no, data.worldbank.org

NASJONALT JORDVERNMÅL



Det er eit nasjonalt mål at omdisponeringa av dyrka jord ikkje skal overstige 2 000 dekar årleg innan 2030. Dette målet vart vedteke av Stortinget då den oppdaterte nasjonale jordvernstrategien vart handsama i juni 2023.

Det første nasjonale målet for jordvern kom i 2004, då Bondevik II-regjeringa lanserte det såkalla «halveringsmålet». Dette innebar at omdisponeringa av dyrka jord skulle reduserast til maksimalt 6 000 dekar innan 2010, basert på rapporten «[Klimaskifte for jordvernet](#)». I 2015 stramma Stortinget inn dette målet til maksimalt 4 000 dekar årleg, i 2021 vart målet skjerpa til 3 000 dekar årleg. Med vedtaket i 2023 er målet no å avgrense omdisponeringa til 2 000 dekar årleg innan 2030.

Kjelde: regjeringen.no og landbruksdirektoratet.no

Krig, ustabile forsyningar av mat og energi og store klima- og miljøutfordringar påverkar kvardagen til millionar av menneske verda over.

Den endra geopolitiske situasjonen gjer at regjeringa er oppteken av tryggleik for befolkninga og jobbar for å styrke beredskapen. Matberedskapen er ein viktig del av dette arbeidet, og regjeringa ynskjer å auke den norske sjølvforsyninga. I [stortingsmelding 11 \(2023-2024\)](#) har regjeringa presentert ein strategi for å auke sjølvforsyningsgrada til 50 prosent. Dei siste ti åra har sjølvforsyningsgrada vore mellom 33 og 40 prosent (mat produsert i norsk jordbruk, på norsk fôr).

Styrking av jordvernet er ein av strategiane for å auke sjølvforsyningsgrada.

I tillegg er det viktig å sikre at eksisterande jordbruksareal vert nytta. Manglande bruk av jordbruksareal over tid vil føre til attgroing og gjere det vanskeleg å ta i bruk arealet på eit seinare tidspunkt.



Meld. St. 11

(2023–2024)

Melding til Stortinget

Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptopping av inntektsmoglegheitene i jordbruket




NASJONAL OG GLOBAL MATTRYGGLEIK

I mars 2022 sendte landbruks- og matministeren og kommunal- og distriktsministeren ut eit brev med overskrifta «Ta vare på matjorda» til alle kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar. I brevet gjer dei det tydeleg at å bevare dyrka jord er avgjerande for både nasjonal og global mattryggleik. Vidare peikar dei på at effektiv bruk av areal, med god utnytting av område som allereie er bygde ut, kan bidra til å redusere behovet for å bygge ned dyrka jord. Kommunane blir også oppmoda til å vurdere om område som tidlegare har vore sett av til føremål som krev omdisponering av dyrka jord, skal tilbakeførast til LNFR-føremål (landbruk, natur, friluftsliv og reindrift).

I januar 2024 sendte ministrane eit nytt brev til dei nyvalde kommunepolitikarane. I brevet minner dei om ansvaret kommunane har for at Noreg skal nå målet om å bygge ned mindre matjord. Ministrane uttrykkjer tillit til at kommunane kan forvalte og planlegge i tråd med det innskjerpa jordvernmålet, men påpeikar at kommunane må auke innsatsen for å få det til.



REGIONALT JORDVERNMÅL



Omdisponering av dyrka mark i Møre og Romsdal 2013–2022, samanlikna med regionalt jordvernmål.

Møre og Romsdal fylkeskommune har vedteke eit regionalt jordvernmål om at maksimalt 100 daa dyrka jord vert omdisponert til andre formål kvart år. Det nye og skjerpa jordvernmålet vart vedteke i 2022 gjennom Fylkesstrategi for landbruk 2023–2026.

I 2017 vedtok fylkestinget i Møre og Romsdal sitt første regionale jordvernmål. Då var målet maksimal omdisponering av 200 dekar dyrka mark årleg.

Som figuren til venstre viser, har omdisponeringa av dyrka mark vore mindre etter at fylket vedtok konkrete målsettingar.

Resultatmål 2:

Behalde landbruket sine produksjonsareal gjennom berekraftig bruk og forvaltning

Strategiar for å nå målet:

2.1 Arealforvaltning som vernar dyrka og dyrkbar jord mot nedbygging, og som sikrar at dyrkajorda vert vedlikehalden gjennom aktiv bruk

- Sørge for at maksimalt 100 da dyrka jord vert omdisponert til andre formål kvart år
- Styrke kommunal landbruksforvaltning sitt arbeid med langsiktige avtalar for leigejord og handheving av driveplikta
- Arbeide for arealnøytralitet som prinsipp i arealplaner: Dersom jord eller skog blir bygd ned, skal det erstattast med nydyrka jord eller skogplanting
- Fortetting av allereie nedbygd areal skal alltid vurderast før omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord

2.2 Auke kunnskapen om arealressursane i Møre og Romsdal

- Få utført jordsmonnkartlegging i alle kommunar i Møre og Romsdal
- Få utført kartlegging av dei viktigaste beiteområda i fylket
- Undersøke potensiale for karbonbinding på ulike arealtypar

I tillegg til jordvernmålet om maksimal omdisponering inneheld fylkesstrategi for landbruk fleire strategiar for å behalde landbruket sine produksjonsareal.

Kjelde: [Fylkesstrategi for landbruk 2023–2026](#)



LOKALE MÅL OG FØRINGAR

I kommuneplanen sin samfunnsdel 2022–2034 har kommunestyret i Volda vedteke følgjande arealstrategiar for nærings- og produksjonsareal:

- Volda kommune skal ha tilgang på ulike typar næringsareal. Nye næringsareal skal vere knytt til hovudvegnettet og traséar for kollektivtransport, eller vere sjønært. Områder avsett til næringsformål skal ha høg arealutnytting.
- Vi skal legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk.
- Vi skal ta i vare dyrka og dyrkbar mark. Omdisponering av dyrka mark skal vere minst mogleg. Omdisponert dyrka eller dyrkbar mark skal ha høg utnyttingsgrad. I perioda 2022–2034 kan maksimalt 15 daa dyrka mark omdisponerast etter jordlova frå LNF til bustad, fritidsbustad, næringsformål, samferdsel eller andre formål som setter landbruket til side.

Kjelde: [Kommuneplanen sin samfunnsdel](#)

LOKALT JORDVERNMÅL?

Nasjonalt jordvernmål:
2000 dekar

Regionalt jordvernmål:
100 dekar

Dyrka mark i Møre og
Romsdal:
618 442 dekar

Dyrka mark i Volda
kommune:
34 593 dekar

I rettleiaren for utarbeiding av kommunal jordvernstrategi står det at ein bør formulere målbare mål for jordvernet i kommunen. Volda kommune har i samfunnsdelen målbart mål knytt til jordlova, men samfunnsdelen vart vedteke før det nasjonale og regionale jordvernmålet vart stramma inn. Det er difor relevant å drøfte om Volda kommune også skal stramme inn jordvernmålet. I tillegg er Volda kommune sitt jordvernmål berre knytt til omdisponering etter jordlova, og ikkje til omdisponering etter plan- og bygningslova. Det nasjonale og regionale jordvernmålet er knytt til all omdisponering, både plan- og bygningslova og jorlova.

I arbeidet med den kommunale jordvernstrategien bør ein diskutere om ein skal behalde eller endre på formuleringa i gjeldande samfunnsdel, og ta stilling til om ein skal ha eit målbart mål som også inkluderer omdisponering etter plan- og bygningslova.


Dyrka marka i Volda kommune utgjør 5,59 % av dyrka marka i Møre og Romsdal fylke. Dersom jordvernmålet til Møre og Romsdal fylke vert fordelt på kommunane, med utgangspunkt i dekar dyrka mark i kvar kommune, vert det 5,59 dekar på Volda kommune.

Dei ti siste åra (2014–2023) har Volda kommune omdisponert i snitt 12,9 dekar i året (sjå s. 25).

Døme på målbare målsettingar knytt til jordvern i kringliggande kommunar:

- Ørsta kommune: «I gjennomsnitt skal det ikkje omdisponerast meir enn 6 daa dyrka mark pr. år for kommunen samla sett. Målet skal vere nådd innan 2030.»
- Ulstein kommune: «Avgang av dyrka mark til andre formål enn matproduksjon må ikkje overstige 5 dekar pr. år.»

KOR MYKJE DYRKA JORD HAR VI I VOLDA KOMMUNE?




Fordeling av arealressursar, Volda kommune.

Det er 34 593 dekar dyrka jord i Volda kommune. Dette utgjør 3,9 % av landarealet.

Arealtype	Dekar	%
Dyrka jord		
Fulldyrka jord	23 717	2,7
Overflatedyrka jord	1 091	0,1
Innmarksbeite	9 785	1,1
Skog	254 926	29
Bebyggelse/samferdsle	10 355	1,2
Anna markslag	281 573	32,1
Ikkje kartlagd	295 445	33,7
Sum	876 892	100

Kjelde: arealbarometer.nibio.no


KVAR ER JORDRESSURSANE?



Dyrka jord i området Furene/Mork.


I kartbasen Kilden kan ein sjå i kart kvar vi har dyrka jord i Volda kommune.

Kjelde: kilden.nibio.no



Dyrka jord, Grodås.

KJERNEOMRÅDE LANDBRUK




Kjerneområde landbruk i området nord for Rotevatnet.

Rapporten «kjerneområde landbruk» synleggjer særleg viktige areal for to av landbruket sine sentrale samfunnsoppgåver; matproduksjon og kulturlandskap. For å velje ut dei særleg viktige områda har ein sett på jordsmonn, klima, helling, storleik og arrondering.

Sjølv om nokre areal er merka som kjerneområde landbruk og særleg viktige, gjeld jordlova for alle jordbruksareal.


Rapporten vart laga for Volda kommune i 2018. Områda Bjørke/Viddal er med i kjerneområde landbruk for Ørsta kommune (utarbeid i 2013). Det er ikkje laga ein slik rapport for areala i tidlegare Hornindal kommune.

Kjelde: [Fagrapport: Kjerneområde landbruk, Volda kommune](#) og [Fagrapport: Kjerneområde landbruk, Ørsta kommune](#)



Kjerneområde landbruk, Bjørke.

JORDBRUKSAREAL I DRIFT




Jordbruksarealet som er i drift er på 27 839 dekar. Talet har vore relativt stabilt dei siste åra.

Kjelde: [SSB-tabell 11950](#)

Utvikling jordbruksareal i drift, Volda kommune. (Data før og etter kommunesamanslåing og grensejustering i 2020 er slått saman.)



JORDBRUKSAREAL SOM KAN VERE UTE AV DRIFT



Skjermklipp frå Kilden: Jordbruksareal som kan vere ute av drift (2023).

Dyrka jord:	34 593 daa
- Jordbruksareal i drift:	27 839 daa
= Jordbruksareal som ikkje er i drift	6754 daa

Det er om lag 6700 dekar jordbruksareal i Volda kommune som er registrert som ikkje i drift.

Kartbasen Kilden inneheld kart som viser jordbruksareal der det ikkje er utbetalt produksjonstilskot. Kartet viser både heile eigedomar der ingen av areala er søkt om tilskot til og jordbruksareal som ligg utanfor landbrukseigedomar.

Det kan vere fleire årsaker til at det ikkje er utbetalt tilskot for noko av arealet på ein landbrukseigedom. Det kan vere at produksjonen er for liten, at ein vel å produsere utan å søkje om tilskot, at jorda ligg brakk, eller at ein ikkje klarer å finne nokon som vil drive jorda.

Jordbruksareal som ikkje er ein del av ein landbrukseigedom, kan ikkje søkast om tilskot til. Dette kan vere jordbruksareal som har blitt skilt frå landbrukseigedomar i samband med omdisponeringar. Døme på slike areal er jordbruksareal i kantsoner, som langs vegar, eller areal på eigedomar som ikkje er registrert i Landbruksregisteret, men som likevel oppfyller krava til å vere dyrka jord. Nokre av desse arealet kan framleis vere i bruk og haldne i hevd, medan andre gror igjen.

Kjelde: kilden.nibio.no, [NIBIO: Utenfor landbrukseiendom](#), [NIBIO: Hele landbrukseiendommer](#), [NIBIO: Jordbruksareal som kan vere ute av drift](#)

JORDBRUKSBEDRIFTER

Jordbruksbedrifter	1989	1999	2009	2019	2024
Volda kommune	564	406	213	180	180

Utvikling jordbruksbedrifter i Volda kommune. Tal for tidlegare Volda og Hornindal kommunar og områda Bjørke/Viddal er slått saman i tabellen.

Kjelde: [SSB-tabell 08646](#)

Verdiskaping som bruttoprodukt og sysselsetting Volda kommune, 2020


Bruttoprodukt jordbruk, mill. kr.	71,12
Årsverk a 1845 timer, jordbruk	163,32

Kjelde: [arealbarometer.nibio.no](#)

Det er 180 jordbruksføretak i kommunen. Talet på jordbruksføretak gjekk ned frå 70- til 2000-talet, men har stabilisert seg noko dei seinare åra. Nedgangen i føretak viser at vi har fått færre, men større bruk. Samtidig har tal sysselsette i næringa gått ned.



AKTIVE PRODUSENTAR




I kartet til venstre er aktive produsentar i Volda kommune markert med raude prikkar.

Dei aktive produsentane ligg i hovudsak langs fjordane og i dalstroka.

Aktive produsentar i Volda kommune er markert med raude prikkar.

MONGE DRIV FLEIRE BRUK

Tal eigedomar som føretak med husdyr driv



Volda er ein typisk sunnmørskommune med mange, hovudsakleg små bruk. Totalt er det 800 landbrukseigedomar med dyrka jord. I 2022 var det 182 landbruksføretak som søkte om produksjonstilskot.

Tal landbruksføretak er langt mindre enn tal landbrukseigedomar. Det betyr at mykje av jorda blir leigd ut, og mange av bøndene i kommunen er avhengige av å leige jord. Ofte er leigejorda fordelt på fleire eigedomar og oppdelt i små teigar.

Figuren til venstre viser at dei fleste husdyrføretaka i kommunen driv fleire bruk.

Den fragmenterte eigedomsstrukturen og avhengigheita av leigejord er ei utfordring for å drive jordbruket på ein effektiv og rasjonell måte.

Kjelde: [SSB-tabell 08646](#)

Figuren viser kor mange eigedomar/bruk som husdyrføretak i Volda kommune driv.

FRITAK FRÅ DRIVEPLIKT


I perioda 2015–2023 har kommunen motteke i alt 4 søknadar om fritak frå driveplikta. Alle fire vart innvilga.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Søknader om fritak frå driveplikta i alt (tal)	0	0	0	0	0	0	0	1	3	4
Søknader innvilga med varig fritak frå driveplikta	0	0	0	0	0	0	0	1	3	4

Søknader om fritak for driveplikt. Tal for tidlegare Volda og Hornindal kommunar er slått saman.

Kjelde: [SSB-tabell 11777](#)

KVA VERT JORDBRUKSAREALA NYTTA TIL?



Fordeling av veksttyper i Volda kommune.


Jordbruksareala i Volda kommune vert i hovudsak nytta til grovfôrproduksjon. Både klimaet og landskapet høver godt til denne type produksjon.

Veksttype	Dekar	%
Innmarksbeite	6 273	22,5
Grovfôr	21 587	77,4
Korn	0	0,0
Potet	5	0,0
Grønsaker	1	0,0
Frukt og bær	16	0,1
Sum	27 882	100

Kjelde: arealbarometer.nibio.no



LANDBRUKSPRODUKSJON OG VERDISKAPING



Verdiskaping frå landbruket i Volda kommune, prosentvis fordeling (2020).


Verdiskaping per produksjon	mill. kroner	%
Mjølkk, ku	50,69	71,27 %
Mjølkk, geit	5,64	7,93 %
Ammeke	2,01	2,83 %
Sau	7,94	11,16 %
Svin	4,52	6,36 %
Egg og fjørfe		0,01 %
Eggproduksjon	0,01	
Fjølfekjøt	0,00	
Planteproduksjon		0,35 %
Frukt og bær	0,20	
Kornproduksjon	0,00	
Poteter og grønsaker	0,05	
Anna		0,08 %
Veksthus	0,00	
Pelsdyr	0,00	
Birøkt	0,06	
Sum	71,12	100 %

I 2020 var verdiskapinga frå landbruket i Volda kommune på litt over 71 millionar kroner. Mjølkeproduksjon er den største, og vi har om lag 1300 mjølkekyr i kommunen.

Kjelde: arealbarometer.nibio.no



POTENSIAL FOR GRØNSAKSDYR KING



Skjermklipp frå Kilden: Grøne område viser potensial for grønnsaksdyrking.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det både er mogleg og viktig å auke ulike type landbruksproduksjonar i fylket. Eit av måla i landbruksstrategien til fylkeskommunen er å «ta i bruk ledig og eigna areal for å auke produksjonen av korn, frukt, bær og grønt».

I kartbasen Kilden er det eit kart som viser område med potensial for grønnsaksdyrking. Det er grunn til å tro at det er potensiale for å auke produksjonen av både frukt, bær og grønt i Volda kommune.

Samtidig er dagens distribusjonssystem og verdikjeder ei utfordring for lokale matprodusentar. Lokale matprodusentar har vanskar med å få produkta sine inn på marknaden, og det er lite lokalprodusert mat å finne i butikkhyllene. For at fleire bønder skal våge å satse på frukt og grønt, bør ein også tenke nytt om korleis ein sel og distribuerer lokalprodusert mat.

Kjelde: [Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal](#) og [kilden.nibio.no](#)



KLIMAENDRINGAR

SANNSYNLEG AUKE	
 Kraftig nedbør	Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør både i intensitet og førekømt. Dette vil også føre til meir overvatn
 Regnflaum	Det er venta fleire og større regnflaumar
 Jord-, flaum- og sørpeskred	Auka fare som følgje av auka nedbørmengder
 Stormflo	Som følgje av havnivåstiging er det venta auke i stormflonivåa.

MOGLEG SANNSYNLEG AUKE	
 Tørke	Trass i meir nedbør, kan høgare temperaturar og auka fordamping auke faren for tørke om sommaren
 Isgang	Kortare sesong for islegging og tidlegare isgang. Isgangar vil kunne skje lenger opp i vassdraga enn i dag
 Snøskred	Med eit varmare og våtare klima vil snøgrensa bli høgare, og regn vil oftare falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred, og auke faren for våtsnøskred i skredutsette område

Klimaprofil for Møre og Romsdal. Kjelde: statsforvaltaren.no

Klimaendringane påverker jordbruket på fleire måtar. For å sikre matproduksjonen må landbruket tilpasse seg eit klima i endring. I Møre og Romsdal er det venta meir nedbør, fleire ekstremvêrhendingar og mildare vintrar. Det er også auka fare for tørke om sommaren.

Meir nedbør og fleire ekstremvêrhendingar kan føre til jorderosjon, flaum og utvasking av næringsstoff, noko som igjen kan gi lågare avlingar. Periodar med tørke kan også svekkje avlingar og redusere produksjonen. Varmare temperaturar kan dessutan gi auka fare for skadedyr og plantesyjukdommar.

Sjølv om klimaendringane fører med seg mange utfordringar, kan dei òg gi enkelte moglegheiter. Høgare temperaturar og lengre vekstsesong kan opne for å dyrke nye vekstar.

For å vere rusta for framtida må jordbruket tilpasse seg både dei gradvise endringane i temperatur og nedbør, og dei meir ekstreme vêrhendingane som kjem oftare. Viktige tiltak er mellom anna å ta vare på god jordhelse og sikre god drenering.

Kjelde: statsforvaltaren.no, klimasmartlandbruk.no



SØKNADER OM OMDISPONERING ETTER JORDLOVA


I perioda 2015–2023 har Volda kommune motteke i alt 58 søknader om omdisponering etter jordlova. 54 av dei vart innvilga heilt eller delvis. 4 av dei vart avslått.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Søknader om omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord avslått (antall)	0	0	0	0	0	1	0	1	2	4
Søknader om omdisponering av dyrka/dyrkbar jord innvilget helt eller delvis (antall)	5	2	4	2	14	10	8	6	3	54
Søknader om omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord i alt (antall)	5	2	4	2	14	11	8	7	5	58

Søknader om omdisponering. Tal for tidlegare Volda og Hornindal kommunar er slått saman.

Kjelde: [SSB-tabell 11778](#)

OMDISPONERING DYRKA JORD



I perioda 2005–2023 omdisponerte Volda kommune til saman 562 dekar dyrka jord. Det er i snitt 30 dekar i året.

90 % vart omdisponert etter plan- og bygningslova.


Viss ein reknar snittet dei ti siste åra (2014–2023) har Volda kommune omdisponert i snitt 12,9 dekar i året.

Kjelde: [SSB-tabell 06194](#)

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Omdisponering av dyrka jord etter plan- og bygningslova	30	56	85	0	214	0	7	0	8	9	13	0	1	39	12	4	6	0	24	508
Omdisponering av dyrka jord etter jordlova	5	8	6	0	8	0	1	0	5	1	6	1	2	1	2	3	1	4	0	54
Omdisponering av dyrka jord (sum)	35	64	91	0	222	0	8	0	13	10	19	1	3	40	14	7	7	4	24	562

Omdisponering av dyrka jord etter plan- og bygningslova og jordlova. Tal for tidlegare Volda og Hornindal kommunar er slått saman.

OMDISPONERING DYRKBAR JORD



I perioda 2005 til 2023 omdisponerte Volda kommune til saman 726 dekar dyrkbar jord. Det er i snitt 38 dekar i året.


95 % vart omdisponert etter plan- og bygningslova.

Kjelde: [SSB-tabell 06194](#)

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Omdisponering av dyrkbar jord etter plan- og bygningslova	49	24	259	0	200	0	0	0	0	32	0	0	2	29	0	0	92	0	0	687
Omdisponering av dyrkbar jord etter jordlova	6	8	1	0	0	0	0	0	2	0	0	0	4	0	2	7	8	0	1	39
Omdisponering av dyrkbar jord	55	32	260	0	200	0	0	0	2	32	0	0	6	29	2	7	100	0	1	726

Omdisponering av dyrkbar jord etter plan- og bygningslova og jordlova. Tal for tidlegare Volda og Hornindal kommunar er slått saman.

OMDISPONERING DYRKA OG DYRKBAR JORD



I perioda 2005 til 2023 omdisponerte Volda kommune til saman 1288 dekar dyrka og dyrkbar jord. Det er i snitt 68 dekar i året.


44 % var dyrka jord, 56 % var dyrkbar jord.

Kjelde: [SSB-tabell 06194](#)

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Omdisponering av dyrka jord	35	64	91	0	222	0	8	0	13	10	19	1	3	40	14	7	7	4	24	562
Omdisponering av dyrkbar jord	55	32	260	0	200	0	0	0	2	32	0	0	6	29	2	7	100	0	1	726
Omdisponering i alt	90	96	351	0	422	0	8	0	15	42	19	1	9	69	17	14	107	4	24	1288

Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord etter plan- og bygningslova og jordlova. Tal for tidlegare Volda og Hornindal kommunar er slått saman.

KVA NYTTAST DEI OMDISPONERTE AREALA TIL?



Omdisponert dyrka og dyrkbar jord til ulike byggeformål, Volda kommune 2015–2023. Tal for tidlegare Volda og Hornindal kommunar er slått saman.

32 % av jordbruksareala som har blitt omdisponert i perioda 2015–2023, har blitt omdisponert til anna bebyggelse og anlegg. 23 % har blitt omdisponert til bustadbebyggelse. 16 % har blitt omdisponert til natur- eller friluftsområde, og 14 % til samferdsel og teknisk infrastruktur.


Kjelde: [SSB-tabell 11776](#)



UTVIKLING JORDBRUKSAREAL, VOLDA TETTSTAD




Filmen viser utviklinga av jordbruksareal i Volda tettstad i perioda 1961–2023. (Filmen er ikkje tilgjengeleg i pdf.-format.)



Filmen viser utviklinga av jordbruksareal i området Furene/Mork i perioda 1961–2023. (Filmen er ikkje tilgjengeleg i pdf.-format.)

UTVIKLING JORDBRUKSAREAL, GRODÅS



Filmen viser utviklinga av jordbruksareal i området rundt Grodås i perioda 1961–2023. (Filmen er ikkje tilgjengeleg i pdf.-format.)

LANDBRUKET SI EIGA NEDBYGGING

Landbruket si eiga nedbygging er når jordbruksareal blir bygd ned gjennom byggjeverksemd i landbruket sjølv, til dømes ved bygging av driftsbygningar, våningshus, utviding av tun, lagerplassar eller driftsvegar.

Sjølv om slike tiltak reduserer jordbruksarealet i praksis, blir dei ikkje alltid registrert i jordvernstatistikken. Grunnen er at tiltak som er innanfor omgrepa «jordbruksproduksjon» i jordlova og «landbruk» etter plan- og bygningslova, ikkje krev søknad om omdisponering eller dispensasjon. Dermed blir areala heller ikkje registrerte som omdisponerte i KOSTRA.

Til dømes kan ein driftsbygning både vere i tråd med arealformålet «landbruk» i plan- og bygningslova, og falle inn under «jordbruksproduksjon» i jordlova. Då kan jordbruksareal bli bygd ned, utan å bli registrert som omdisponert.

Ei undersøking frå NIBIO og SSB frå 2017 viste at om lag 22 prosent av all nedbygging av dyrka jord i perioden 2004–2015 kom frå landbruket si eiga byggeverksemd.

Temaet fekk auka merksemd i den nasjonale jordvernstrategien frå 2023, og strategien inneheld fleire tiltak for å redusere landbruket si eiga nedbygging. SSB og NIBIO jobbar med å utvikle ein betre metodikk for å måle faktisk nedbygging. Per i dag har ikkje vi tal på landbruket si eiga nedbygging i Volda kommune.

Kjelder: landbruksdirektoratet.no, nibio.no, ssb.no, ssb.no, [nasjonal jordvernstrategi](https://nasjonaljordvernstrategi.no)



BEHOV FOR MEIR JORDBRUKSAREAL

For å halde oppe sjølvforsyninga av mat, må matproduksjonen per innbyggjar vere stabil. Viss vi skal auke sjølvforsyningsgrada, bør matproduksjon per innbyggjar auke.

Statistisk sentralbyrå reknar med at folketalet i Noreg vil auke med om lag 600 000 personar fram mot 2050. For å oppretthalde jordbruksareal per person, må vi også auke jordbruksarealet. Utrekningar frå NIBIO viser at vi vil trenge over ein million dekar nytt jordbruksareal for å klare dette.

I tillegg til at vi treng meir jordbruksareal for å oppretthalde sjølvforsyningsgrada, må vi også erstatte areal som går tapt på grunn av nedbygging eller attgroing. For å sikre at produksjonspotensialet vert oppretthalde er det ikkje nok å berre sjå på tal dekar jordbruksareal; kvaliteten og produksjonsevna må også vere like god som det opprinnelege arealet.


Det er mogleg å auke jordbruksarealet både ved å dyrke opp nye område og ved å flytte matjord til andre stader. Ved jordflytting må ein også ha tilfredsstillande areal å flytte jorda til.

Det vi veit om den dyrkbare jorda i Noreg viser samtidig at det kan bli svært krevjande å oppretthalde det jordbruksarealet vi har per innbyggjar i dag.

Kjelde: [NIBIO: Dyrkbar jord og nydyrking, kompensasjon](#)



DYRKBAR JORD



Dyrkbare jord i området rundt Folkestad.


På kilden.nibio.no finn ein kart som viser dyrkbare jord, basert på kartlegging av arealressursar på 1960- og 70-talet. Dei største reservane av dyrkbare jord i Noreg er best eigna til grasproduksjon.

Figuren til venstre viser eit utklipp av det som er klassifisert som dyrkbare jord i Folkestad-området. Nydyrking kan auke produksjonspotensialet og gi betre moglegheiter for ei meir effektiv og rasjonell drift av jorda. Samtidig kan nydyrking utfordre andre samfunnsinteresser, og medføre arealkonfliktar både lokalt, regionalt og nasjonalt.

I 2020 og 2021 blei det gjennomført analyser av kartgrunnlaget for dyrkbare jord. Desse analysene viser at den reelle reserven av dyrkbare jord er langt mindre enn det som er estimert i NIBIO sine kartgrunnlag, med dei føresetnadene vi har i dag. Dette kjem både av plassering, topografi, krav til arrondering, ulike miljøomsyn og klimatiske avgrensingar. Til dømes er 35 prosent av det som er klassifisert som dyrkbare jord myr. Rundt fem prosent av den dyrkbare jorda er verna for å ta i vare naturmangfaldet, og ein femtedel av det som er registrert som dyrkbare jord er skog av høg eller svært høg bonitet, og har stor verdi for skogbruket.

Kjelde: kilden.nibio.no og NIBIO: [nydyrking](#)

KVA KAN DYRKAST OPP TIL FULLDYRKA JORD?



Dyrkbar jord fordelt på arealressursar, Volda kommune.


I Volda kommune er 28 337 dekar kartlagt som dyrkbar jord. Dette er areal som kan gjerast om til fulldyrka jord og som oppfyller krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking.

51,3 % av dette arealet er i dag registrert som skog.

Når ein tek omsyn til produktiv barskog, myr og viktige naturtypar, og berre inkluderer samanhengande område over 100 daa, er det grovt estimert at rundt 10 000 dekar kan nydyrkast utan dei store interessekonfliktane.

Kjelde: arealbarometer.nibio.no

SØKNADER OM NYDYR KING




I perioda 2005–2023 har Volda kommune godkjent til saman 692 dekar nydyrka areal.

Statistikken viser godkjenningar av løyver, ikkje kva som faktisk er nydyrka i praksis.

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Søknader om nydyrking (tal)	0	0	2	0	3	4	1	2	0	0	0	0	6	7	4	3	2	3	0	37
Omsøkt nydyrka areal (dekar)	0	0	10	0	22	199	5	114	0	0	0	0	69	226	14	49	23	19	0	750
Godkjent nydyrka areal (dekar)	0	0	10	0	22	199	5	114	0	0	0	0	68	173	14	49	19	19	0	692

PLANRESERVE – AREAL SETT AV I PLAN, MEN SOM IKKJE ER BYGD UT



Kartløysinga «[Arealrekneskap Møre og Romsdal](#)» viser planreserva i Volda kommune.

Figuren til venstre viser kor mykje fulldyrka jord som er sett av til utbyggingsformål i kommuneplanen sin arealdel og/eller reguleringsplanar, men som enno ikkje er bygd ut. I kartet kan ein sjå kvar desse areala er.

I fylgje kartportalen er 482 dekar dyrka jord sett av til utbyggingsformål i planar, men ikkje bygd ut. (Fulldyrka jord + innmarksbeite + overflatedyrka.)

Ein gjer merksam på at datagrunnlaget kan innehalde feil. Dette kjem av at fleire eldre, gjeldande planar i kommunen ikkje er digitalisert, og det kan difor finnast «mørketal» i oversikta.

Figuren viser fulldyrka jord sett av til utbyggingsformål, men som enno ikkje er bygd ut.

PLANRESERVE – AREAL SETT AV I PLAN, MEN SOM IKKJE ER BYGD UT



Planreserve Grodås sentrum; dyrka mark sett av til utbyggingsformål, men som enno ikkje er bygd ut.

Da ikkje alle planar i Volda kommune er digitalisert, inneheld kartløyisinga «Arealrekneskap Møre og Romsdal» sokalla «mørketal» (sjå forige side). Eit døme på planreserve som ikkje visast i kartløyisinga er rundt Grodås sentrum.

Dei gule områda i figuren til venstre er dyrka mark i dag, men er sett av til sentrumsformål i kommuneplanen for Hornindal, og inngår i områdereguleringa for Grodås sentrum. Dei gule områda er om lag 80 dekar dyrka mark.

Områdereguleringa for Grodås sentrum er under arbeid.

Kjelde: Kilden – arealinformasjon, [Hornindal kommune arealdel](#), [Planforslag områderegulering for Grodås sentrum](#)



HER KAN DU LESE MEIR!

Landbruksdirektoratet: [Jordvern](#)

Landbruksdirektoratet: [Nasjonale mål og føringer](#)

Møre og Romsdal fylkeskommune: [Arealrekneskap Møre og Romsdal](#)

Møre og Romsdal fylkeskommune: [Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal](#)

NIBIO: [Arealbarometer for Volda](#)

NIBIO: [Kartløysinga KILDEN](#)

NIBIO: [Tema skog, jord, mat, plantehelse, landskap, miljø, landbruksøkonomi](#)

Regjeringen: [Jordvern](#)

Statistisk sentralbyrå: [Jord, skog, jakt og fiskeri](#)

Statistisk sentralbyrå: [Nedgang i omdisponering av dyrka og dyrkbar jord](#)

Volda kommune: [Fagrapport kjerneområde landbruk](#)

Ørsta kommune: [Fagrapport kjerneområde landbruk](#)